



Referat SYRIL Årsmøte 10. mars 2022 kl. 19.00 i Tingsalen på Tinghuset

Frammøtte: Per Hauge, Karl Erik Johnsen, Torill Felde, Birte Andersen Røysum, Jørn Gåsvær, Erlend Husabø, Torgeir Urdahl og Nils Magne Slinde

Sak 1. Opning.

Leiar i laget, Per Hauge, ynskter dei frammøtte velkomne til årsmøte i Syril for 2021.

Sak 2. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste vart godkjent. Innkalling har vore annonsert to ganger i Sogn avis og lege ute på Syril si nettside. Saklista er teken inn på første sida i årsmeldinga. Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 3. Val av ordstyrar og referent

Ordstyrar: Per Hauge, referent: Nils Magne Slinde

Sak 4. Val av to medlemar til å skrive under protokoll

Birte Andersen Røysum og Torill Felde skriv under årsmøteprotokollen.

Sak 5. Godkjenning av årsmelding og rekneskap 2021.

Leiar Per Hauge gjekk gjennom årsmelding for hovudstyret. Følgjande grupper hadde levert årsmelding: Handball, fotball, friidrett, trim inkl volleyball og innebandy og ski. Grupper som var til stades fekk nokre minutt til å presentere sine årsmeldingar. Årsmeldinga vart godkjend utan merknadar. Arrangørpris til Sognefjordrennet og god drift av skiløypene på Kleppa vart omtala.

Rekneskapen vart godkjend slik det låg føre med eit overskot på kr. 542 212. Rekneskapen er revidert av laget sine valde revisorar Tony Borlaug og Udvin Einar Skarsbø med følgjande konklusjon: «Me meiner at rekneskapen framstår som ryddig og i det alt vesentlege er i samsvar med rekneskapsgrunnlaget».

Sak 6. Medlemskontingent 2023

Det vart vedteke uendra medlemskontingenten: Familie kr. 600, einskildmedlemar kr. 350 og for barn under 17 år på kr 250. Som familie reknar vi alle heimebuande på same adresse

inkludert studentar som bur periodevis vekke. Medlemmar som ikkje har betalt på mange år, tek vi ut av medlemsregisteret.

Sak 7. Framlegg til budsjett 2022

Leiar gjekk gjennom arbeidsutvalet sitt framlegg til budsjett for 2022.

GRUPPE	DRIFTSINNTEKTER	DRIFTSUTGIFTER	RESULTAT
01 Fotball	685000	685000	0
02 Håndball	530000	530000	0
03 Ski / kiosk hytta	75000	75000	0
04 Symjegruppa/kajak	5000	5000	0
05 Friidrett	50000	75000	-25000
06 Trim	30000	30000	0
07 Styret	900000	500000	400000
08 Skihytta	50000	60000	-10000
09 Kjeringi open	250000	200000	50000
10 Barnegruppa	20000	10000	10000
11 Klatregruppa	0	0	0
12 Volleyball	10000	10000	0
13 Innebandy	10000	10000	0
Oppdatering/anlegg-utstyr	300000	600000	-300000
Oppdatering skitrekk Kleppa		50000	-50000
Oppgradering skihytta		0	0
Renteutgifter lån	0	150000	-150000
TOTALT SYRIL	2915000	2990000	-75000

Leikanger jakt og fiskelag har ein minusmålar for straum til Jakt og fiskelagshytta. Dette er ein ordning som bør avviklast. Styret må føkgje opp dette.

Barnegruppa sitt budsjett må kooridnerast med budsjettet til friidrett, ski, fotball og handball.

Forslag til budsjett vart einstemmig vedteke inkludert dei tre innkomne sakene i sak 9 som vart behandla saman med budjettet.

Sak 8. Val

Leiar spurte om nokon krev skrifteleg val. Det var det ikkje. Det vart lagt opp til eit val der dei som er usamde i valnemnda sitt framlegg viser dette med stemmeteikn i tingsalen. Det var ikkje merknad til dette.

Leiar i valnemnda Nils Magne Slinde la fram forslag til nye styremedlemmar slik det går fram av lista nedanfor. Resultatet av valet vart i samsvar med framlegget.

Arbeidsutvalet

Leiar

Ingen kandidat

Etter valet orienterte leiar av valnemnda om at Elianne Eggum har sagt seg villig til å ta over som leiar 1. september dersom vi finn ein erstattar som leiar for handballgruppa. Men dette føreset at vi får nokon til å fungere som leiar fram til då. Per Hauge sa seg villig til å stå som leiar fram til 1.september for å sikre ei minimusdrift i laget.

Nestleiar	Karl Erik Johnsen	Attval
Kasserar	Sindre Børsheim Ramung	Ny
Sekretær/styremedl.	Ronny Rydningen	Attval

Friidrettsgruppa

Leiar	Jørn Gåsvær	Attval
Nestleiar	Marit Anita Skrede	Attval

Handballgruppa

Leiar	Elianne Eggum	Attval
Nestleiar	Olav Haugen	Attval

Fotballgruppa

Leiar	Birte Andersen Røysum	Ny
Nestleiar	Erlend Husabø	Ny

Skigruppa

Leiar	Inga Henjum Halsnes	Ny
Nestleiar	Torunn Grut	Attval

Barnegruppa

Leiar	Heidi Ravnestad	Ny
Nestleiar	Deta Gasser	Ny

Trim- og merkegruppa

Leiar	Torill Felde	Attval
Nestleiar	Ingar Hals	Ny

På årsmøte i 2020 vart det vedteke at Volleyballgruppa og Innebandygruppa vert gjort om til utval under trimgruppa sidan dei ikkje har aktivitet som gjer at dei er knytt til sitt forbund lengre.

Volleyballutvalet

Kontaktperson	Martin Stølen	Ny
---------------	---------------	----

Innebandyutvalet

Kontaktperson	Torbjørn Stølen	Attval
Kontaktperson	Simen Longva	Attval

Kandidat til Sogndal Idrettsråd - skal ikkje veljast på årsmøte til SYRIL

Symjegruppa og Klatregruppa

Sidan det ikkje er aktivitet i gruppene, vart det ikkje vald leiar og nestleiar.

Revisor

Tony Borlaug	Attval
Udvin Skarsbø	Attval

Hyttestyre Skihytta

Leiar	Susanne Svardal	Attval
Nestleiar	Gro Selås	Attval

Styringsgruppa Kjeringi Open

Medlem	Roar Vangsnes	Attval
Medlem	Karl Erik Johnsen	Attval

Valnemnd

Per Hauge (leiar), Katrine Wilson, Runa Aaland Eggum,

Sak 9. Inkomne saker/diverse

Sak frå fotballgruppa - Vinterdrift/tilbod om treningstilbod vinterstid

Erlend Husabør orienterte om bakgrunnen for saka og argumenterte for å setje av kr 300.000 i budsjettet for 2022 til investering av utstyr til vinterdrift av kunstgrasbana på Syril stadion eller inngå leasingavtale for utstyr. Åsmøte vedtok å løyve kr. 300 000 der 150 000 vert teke frå fotball sin konto. Resten vert dekkja av hovudstyret. Fotballgruppa må dekkja driftsutgiftene innanfor eige budsjett og etablere gode planar og rutiner for vinterdrifta.

Sak frå friidrett – Innkjøp av utstyr på friidrettsstadion

Friidrett får 100 000 frå hovudlaget til innkjøp av utstyr frå oppdatering av anlegg/ utstyr. Mva og spelemidar vert tilbakeført til hovudlaget. Friidrett føl opp dette vidare.

Ny SYRIL-buss

Det kan setjast i gang arbeid med å skaffe ny buss. Det må avklarast refusjon av mva, bruktpriis ved sal av den gamle og pris på den nye. Styret må vurdere om dette er innafør akseptable rammer. Syril har vel kr. 600 000 på øyremarka konto.

Leikanger 10. mars 2022

Birte A. Røysum

Birte Andersen Røysum

Torill Felde

Torill Felde